



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

29. årg

August/September 1975

Nr. 6

### Dagen som ble glemt av så mange

*«Kom i du at du helligholder hviledagen.»*

*Dr. med. Einar Lundby om det tredje bud:*

Etter Moseloven skulle hviledagen være helliget Herren på en spesiell måte, og intet arbeide skulle derfor utføres som ikke var absolutt nødvendig til livets opphold, selv om det var midt i våronna eller skuronna — som står særlig nevnt.

Hvorfor fikk Israel det 3. bud? For at alle — selv trelle og trelkvinner og dyr skulle ha anledning til å dyrke Gud og hvile sin kropp. — Det kristne åndsliv trenger å fornyes og styrkes ved stillhet og bønn, lesing eller hør-else av Guds ord, samvær med de andre kristne og samling om nattverden. Dette skulle selv slaven ha rett til.

Hver dag trenger vi å omvende oss ved å rense vårt sinn gjennom bønn og bibel. Men forat vi også skal få del i de to øvrige kraftkilder, brodersamfunnet og brødsbrytelsen, har Gud ordnet det slik at alle skal ha fri søndagen.

Kroppen trenger og sin hvile — og fridag. Det hører med til naturens lover at vi trenger en syvendel av tiden for å få hvilt ordentlig ut. Den som overser denne lov, kommer til å svi for det. Det er mange ting som peker i denne retning.

Hvorfor er skoftprosenten størst og arbeidseffektiviteten minst på mandager? Hvorfor er det så mange nervøse og utslitte mennesker mellom oss til tross for at arbeidstiden stadig forkortes? — Jo, fordi Gud i sin visdom påbød — men tvertimot misbrukes til unødig arbeid og livsødeleggende fornøyelser.

Som et menneske sår — skal det høste! Så høster altså vår avanserte menneskehet livslede og angst, nettopp fordi de ikke lenger følger de evige vise livslover som Bibelen har gitt oss. — Det er noe merkelig dette at den freden som fyller hvert menneske som gjør det rette, ikke på

noen måte kan oppveies av det hektiske jaget etter stadig å eie mer av det man mente skulle skaffe lykken. Det er snarere det motsatte. Jo mer man lykkes å underlegge seg av de såkalte «livets goder», desto større blir tomheten og uroen. «Hva gagnar det

et menneske om han vinner hele verden — men tar skade på sin sjel», sa Jesus, «for hva kan et menneske gi til vederlag for sin sjel?»

Mon ikke disse gamle ord har noe med hviledagen å gjøre?

## MITT MISJONSKALL (Arbeidskall)

Det var en film fra Frelsesarmeens vidtfaavnende sosiale arbeide, som samlet oss den kvelden jeg fikk mitt misjonskall. Filmen var bygget opp på et ord fra Esaias: «Men det er et røvet og plyndret folk. De ligger alle bundet i huler, og skjult i fangehus. De blir røvet, og ingen redder. De blir plyndret og ingen sa: Gi tilbake». E. 42:22.

Jeg så filmen med en nyfrelst's åpne sinn. De mange inntrykk samlet seg i en eneste undring over Guds allesteds oppsøkende nåde, Guds evige såkorn strødd ut av lydige tjenere, trengte inn i de mørkeste kroker, og trangeste smug på syndens slagmark. Det var som en visjon —

Det samme store utsyn som Jesus viste sine disipler ved Sykars brønn, fikk også jeg se. Jesus sa sitt mektige: Våk opp! Du ser at arbeidet venter, og din plass står tom. Du har latt dine beste år bli bort i lediggang. Men nå idag, og arbeid i min vingård!

Og jeg gikk — Nogen «Seder på

**Eidsland Samvirkeleg**

EIDSLANDET

Filial: Lavik

Libanon» ble det ikke av meg. Bare en ukjent soldat i Herrens store vitnehær. Lønningen — den lå som en skjult skatt i selve arbeidet.

*«Lover den Herre hvis pleiende kjærlighet dyrker*

*Hagen han plantet, og grenene renser og styrker,*

*Kall inn fler, Folk som han ledige ser, Andelig glede utvirker!»*

Johanne B. Helle.

## 70 år

Bjarne Thaulé

Kven på Dale kjenner ikkje han Bjarne? Han er fødd og oppvaksen på Dale, og på Dale fekk han sitt arbeid og si livsoppgåve. I meir enn 50 år hadde han sitt arbeid ved Dale Handelsforening, og i meir enn 50 år — og framleis, har han vore søndagsskulelærer på Dale. Aktiv og hjelpsam — i sorg og glede — har han alltid vore, i alt kristeleg arbeid. Då me i 1970 måtte sjå oss om etter ny klokke til Dale kyrkje, var det naturleg å venda seg til Bjarne Thaulé, og han sa «ja».

Me takkar han for alt han har fått verka, i kyrkja, og anna kristeleg arbeid, og me ynskjer han lukke og signing over vegen vidare fram! L. Bj.

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam  
Medarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.  
Kasserar Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.  
Postgiro nr. 723 47. Bankgiro nr. 103385/123.  
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tfn. 8.

## Til konfirmantforeldre

*Kjære konfirmantforeldre!*

De minnest nok endå godt den dagen då de bar vesle barnet til dåp. Det var ikkje spørsmål om barnet skulle døypast eller ikkje. Og det var ikkje bare dette at: «alle barn blir jo døypte, og då sjølv sagt ogso vårt barn.» Det var noko meir. De tykte det var tryggast å døype barnet, og de ville gjere det som var best for barnet. Ved dåpen vart barnet dykkar ein medlem av den Norske Kyrkja.

Då barnet vart døypt, vart de spurt om de ville at barnet skulle oppsedast i den kristne forsaking og tru, og de svara «ja» på det.

Og so er åra gått so fort. Tenk, vesle barnet dykkar er alt blitt konfirmant! Korleis har det no gått med oppdragging i den kristne forsaking og tru? De hadde den aller beste tida for dette, då barnet var lite, før det begynte på folkeskulen, la oss seie når barnet var frå 2 til 5 år. Det er forunderleg kor naturleg små barn tek imot det som vert fortalt det av mor og far, om Gud, Jesus, himmelen og livet. Det barnet får i heimen dei første åra i

livet, er meir enn noko anna med å gjeva barnet rettningsline for livet. Psykologar er og samde om det, og seier at barnets karakter og livslegning er for ein stor del bestemt når barnet er fire år.

Folkeskulen og søndagsskulen har prøvt å hjelpa foreldra med oppgåva «å oppseda barnet i den kristne forsaking og tru.» No står barnet framfor ei utrygg og fårleg ungdomstid. Kyrkja ynskjer gjennom konfirmant-tida å hjelpa dei unge til å møte livet. Konfirmant-tida varer frå hausten fram til påsketider, til konfirmasjonen.

La det vere sagt utan atterhald: Konfirmant-tida er ei vanskeleg tid for dei unge. Dei kjenner seg usikre, dei er korkje born eller vaksne. Livet bryt på, og sume kjenner trang til å opponere mot nesten alt. Har dei so i heimen ikkje sett anna enn likesæle for Gud, Kristendom og kyrkja, so har dette lett for å bli til forakt for desse ting hjå dei unge. Og det igjen fører til at dei er uoppmerksame i timane. Dei trur ikkje at dei der kan få noko som har verd for dei unge i dag, og so forstyrrar dei andre i timane. Slike konfirmantar er sjølv sagt eit vonbrot for konfirmantpresten. Men det er ikkje det verste: Det verste er at dei øydelegg konfirmant-tida for dei andre i klassen! Og det skal seiast at dei fleste, gjerne 9 av 10, er fine unge som det er ei glede å ha i konfirmant-klassen. Det er stor synd mot desse konfirmantane om nokre få skal få øydeleggje konfirmant-tida for dei.

Difor: Kjære konfirmantforeldre. Prøv å hjelpa dei unge i denne tida. Det høyrer med at dei unge skal vere med på nokre vanlege gudstenester i

denne tida. Gå med dei. Vis dei at ogso de reknar med Gud. Det vil hjelpe dei unge til å få det beste ut av konfirmant-tida.

La oss stå saman om å prøve å hjelpe dei unge til å møte livet!

Helsing til alle konfirmantforeldre,

Lars Bjørsvik

## Eidslandet kapell feirar 50 års jubileum

Søndag 20. juli feira kyrkjelyden på Eidslandet 50 års jubileum for reising av kyrkja på Eidslandet. Sokneprest Olav Totland hadde gudstenesta. Han tala over tekst fra Apgj. 3:1-10, om den vanføre mannen ved den fagre tempeldør, og mana kyrkjelyden til ikkje å vera utanfor, men å gå inn gjennom «den fagre tempeldør.» Husmorlaget sytte for god servering. Nils Møster hadde historisk attersyn. Soknepresten bar fram helsing. Samveret var leida av formannen i soknerådet Arthur Jakobsen.

## Aksjonsveke på Vaksdal og Dale

Sokneråda i desse to kyrkjene har gjort vedtak om å ha aksjonsveke i haust. Det vert aksjonsveke i Vaksdal Kyrkje 6.—12. oktober, og i Dale Kyrkje den 15.—21. oktober.

Desse vekone har eit dobbelt sikte. Me vonar at det kan bli ei samling av heile kyrkjelyden dei kveldane. Her er so mange småflokkar, men det er

sjeldan alle er samla om Guds ord. La aksjonsveka samla oss alle.

So er her mange — svært mange — som nok høyrer til kyrkja, men vegen til kyrkja har grodd igjen for dei. Me vil gjerne ogso særskilt innby slike til å bli med dei dagane. Det vil difor gå ut innbyding til alle heimar i desse to soknene.

Kom og ver med alle!

## Kvittering

Ole Hansen, Vaksdal, døydde 13. juli og vart gravlagd på Vaksdal 19. juli. Han ynskte ikkje blommar, heller ei gåve til Kirkens Nødhjelp. På gravferdsdagen kom det inn kr. 850,00 som vart sendt til Kirkens Nødhjelp.

Med takk til alle som gav!

Familien.

## 80 år

Ein trufast medarbeidar i Kyrkjebladet for Vaksdal Prestegjeld, søster Johanne B. Helle, fyllte 80 år laurdag den 5. juli. I lengre tid er det sjeldan at der ikkje er eit stykke av henne i bladet. Og me veit at det ho skriv vert lese. Søster Johanne har i mange år vore helsesøster på Vaksdal. I den tida kom ho rundt i mange heimar. Ho stelte den sjuke kroppen, men hadde ogso eit ord og eit råd for det åndelege livet hjå den sjuke.

Det er seint å ynskja tillukke med dagen, — men det er ikkje forseint å senda henne ei hjarteleg takk for alt ho har sendt til bladet. Hjarteleg takk for dine mange stykker til Kyrkjebladet! Og me ynskjer Johanne B. Helle Guds.rike signing over tida som kjem.

## Kjenner du tydinga av desse ord og uttrykk?

AMEN: Det står fast, det skal skje.

APOSTEL: Utsending.

DISIPPEL: Lærling, elev.

EPISTEL: Brev.

EVANGELIUM: Godt Budskap.

GLORIA IN EXCELSIS DEO: Æra vere Gud i det høgste.

HERREN SEBAOT: Herren allheims drott.

JESUS: Herren er frelse

KRISTUS: Den salva (Gresk).

KYRIE ELEISON: Herre miskunna meg.

LEKTIE: Lesestykke, (Frå Det G. Test. Apostelgj. eller Johs. Openberr.)

LITURGI: Offentleg teneste.

MESSIAS: Den salva (hebraisk).

POSTLUDIUM: Etterspel.

PRELUDIUM: Førspel.

Hausvik og Faugstad  $\frac{1}{2}$

Vaksdal

Telefon 3603.

## Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam

Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

## DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam



Dale Servicestasjon

THORE ROGNVED  
Tlf. 2189 Dalekvam

Bensin — Dekk — Rekvisita

## Frå kasseraren

Kyrkjeblad for Vaksdal, innkomne bladpengar april — mai — juni 1975.

Bergsdalen sokneråd	kr. 280,00
Obert Sellevold, Dale	» 360,00
Ingrid Kallestad, Stamnes,	» 340,00
Vaksdal Sokneråd	» 1345,00
Direkte til kasseraren	» 140,00
Annonser	» 600,00
Gåve til bladet	» 50,00

Med helsing og takk,  
Kasseraren

## Retting

Det kom dessverre inn ein trykkfeil i forrige nummer av Kyrkjebladet. Sjå: Frå Kyrkjebøkene, side 6. Der skulle stå: Avlidne Vaksdal, Haldor Kjøndal, fødd 19. september 1889, døydde 10. mai 1975, gravlagd 15. mai. Knut Fjellanger, fødd 3. desember 1903, døydde 6. mai 1975, gravlagd Flatekval 13. mai.

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE:

#### DALE:

Bent Olav Måland Sandbekk, fødd 18. februar 1975, døypt 13. april:

Bent Ole Fosse, fødd 3. mars 1975, døypt 18. mai.

Mads Nam Brevik, fødd 7. april 1972, døypt Bergsdalen 15. juni 1975.

Nils-Einar Faugstad, fødd 14. mai 1975, døypt 13. juli.

Tom Erik Moberg, fødd 22. mars 1975, døypt 13. juli.

AnneLise Sandvik, fødd 28. mars 1975, døypt 29. juni.

Cathrine Langeland, fødd 10. mai 1975, døypt 29. juni.

Maren Skeie Petersen, fødd 6. mars 1975, døypt 29. juni.

Hilde Berntzed, fødd 16. mars 1975, døypt Stamnes 8. juni.

Synnøve Gran Seim, fødd 26. desember 1974, døypt Oslo 22. juni.

Kristine Bjørøy, fødd 13. februar 1973, døypt 13. juli.

Silje Irene Tjeldflåt, fødd 8. mai 1975, døypt 13. juli.

Tove Kvamme, fødd 5. juni 1975, døypt 13. juli.

#### STAMNES:

Ronny Vatlé Lilletvedt, fødd 3. januar 1975, døypt 13. april på Dale.

Øystein Lilletvedt, fødd 3. januar 1975, døypt 8. juni.

Jan Ove Toskedal, fødd 20. februar, 1975, døypt 8. juni.

Ole-Jakob Neset, fødd 24. mars 1975, døypt 15. juni.

Inge Roger Farestveit fødd 8. april 1975, døypt 29. juni.

### Arth. og Arne Vaksdal HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Egon Ove Farestveit, fødd 8. april 1975, døypt 29. juni.

### VIGDE:

#### DALE:

Jan Myrliid og Wenche Pileberg, 4. juli 1975, i Bergen.

#### VAKSDAL:

Sigmund Jørgensen, og Mona Henriksen, vigde 14. juni 1975.

Erling Steinsbø og Tove Aakre, 21. juni 1975.

Thomas Gottfried Sefranek og Eli Rognved, 5. juli 1975.

Arild Sundland Dale og Marit Hausvik, vigde i Ytre Arna 5. juli 1975.

#### EKSINGEDALEN:

Nils A. Flatekval og Reidun Høvik, vigde i Flatekval 21. juni.

### AVLIDNE:

#### DALE:

Ingvald Haugland, fødd 21. mars 1890, døyde 19. januar 1975, gravlagd 24. januar.

Nils I. Dale, fødd 9. august 1879, døyde 10. juni 1975, gravlagd 17. juni.

Bertha Salberg, fødd 30. juli 1884, døyde 7. juni 1975, gravlagd 14. juni.

Karoline Kallestad, fødd 29. oktober 1890, døyde 17. juni 1975, gravlagd Bergsdalen 21. juni.

#### VAKSDAL:

Haldor Kjøndal, fødd 19. september 1889, døyde 10. mai 1975, gravlagd 15. mai.

Anton Johannessen, fødd 11. september 1904, døyde 21. juni 1975, gravlagd 27. juni.

Anne Marie Jacobsen, fødd 12. februar 1920, døyde 9. juni 1975, gravlagd 14. juni.

#### STAMNES:

Ragnhild Kallestad, fødd 1. oktober 1886, døyde 15. april 1975, gravlagd 22. april.

Hildur Lunde, fødd 3. november 1902, døyde 21. mai 1975, gravlagd 27. mai.

#### EKSINGEDALEN:

Knut Fjellanger, fødd 3. desember 1903, døyde 6. mai 1975.

## Velkomen til Kyrkja

#### 12 søndag etter Triining, 17. august:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Institutt for Kristen Oppseding.

Stamnes Kyrkje kl. 17.00. Res. kap. Steinnes.

#### 13. søndag etter Triining, 24. august:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

#### 14. søndag etter Triining, 31. august:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Res. Kap. Steinnes. Offer til Norsk Lærarakademi.

Nesheim Kyrkje kl. 16.00. Res. kap. Steinnes.

#### 15. søndag etter Triining, 7. september:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Eidslandet Kapell kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

#### 16. søndag etter Triining, 14. september:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

#### 17. søndag etter Triining, 21. september:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

**DEI HELDT TRUTT FAST VED  
LÆRA AT APOSTLANE OG VED  
SAMFUND, VED BRØDSBERJOTINGI  
OG VED BØNENE.**

Apgj. 3:32.

Offer til Nordhordland Indremisjon. Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

#### Laurdag 27. september:

Dale Kyrkje kl. 19.30. Finn Wiig Sjusen, Sokneprest Bjørsvik m.fl. Offer til Norsk Lærarakademi.

Eidslandet Kapell kl. 19.30. Red. Jens M. Rognsvåg m.fl. Offer til Norsk Lærarakademi.

#### Bots og Bededag, 28. september:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.44. Sokneprest Bjørsvik. Red. M. Rognsvåg m.fl. Offer til Norsk Lærarakademi. Nattverd.

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Finn Wiig Sjusen m.fl. Offer til Norsk Lærarakademi.

Stamnes Kyrkje kl. 19.30. Finn Wiig Sjusen, m.fl. Offer til Norsk Lærarakademi.

#### 19. søndag etter Triining, 5. oktober:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

#### 20. søndag etter Triining, 12. oktober:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

## A. L. VATLÉ

### DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

*DALE, Tlf. 2421* Frå Ttl  
Måndag, Tysdag, Ons-  
dag og Fredag .. 8.30 15.00  
Torsdag .. . . . 10.00 17.30

*VAKSDAL, Tlf. 3605*  
Tysdag og Fredag 8.30 15.00  
Torsdag .. . . . 10.00 17.30

*STAMNES, Tlf. 3 a*  
Måndag frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag**  
STAMNESHELLA

**Dale Handelsforening**  
Dalekvam

**TOMAS UTSKOTTS**  
SKOFORRETNING  
**Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN**  $\frac{1}{2}$   
Tlf. 2240 DALEKVAM  
**RADIO - TV**  
Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER  
**EIDE & PETERSEN**  $\frac{1}{2}$   
Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**  
*Kolonial & Delikatesse*  
Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**  
*Ass. Landhandel og Bakeri*  
FILIAL SKAFTÅ

**Stanghelle Handel**  
STANGHELLE

**Vaksdal koop. Handelslag**  
VAKSDAL

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.  
Kjøp i Dykkar eigen forretning